

Radøy kommune  
Teknisk forvaltning  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

**Arkoconsult AS**  
Postboks 103  
5291 Valestrandsfossen  
Telefon: 56 39 00 03  
Telefaks: 56 19 11 30  
E-post: [post@arkoconsult.no](mailto:post@arkoconsult.no)  
[www.arkoconsult.no](http://www.arkoconsult.no)

Dykkar ref.:  
18/379

Vår ref.:  
Lena Lekve

Dato:  
07.08.2019

## **SØKNAD OM MELLOMBELS BRUKSLØYVE FOR TILTAK PÅ GBNR. 77/83 I RADØY KOMMUNE.**

Det vert med dette søkt om mellombels bruksløyve for tiltak på gbnr. 77/83 i Radøy kommune, oppføring av ny tomannsbustad med tilhøyrande parkeringsplassar på tomt 1 i bustadfelst BF01. Tiltakshavar er Helland Eiendom & Invest AS.

Det vert vist til tidlegare gitt rammeløyve og igangsetjingsløyve i sak 18/379.

Tiltaket er no ferdigstilt og ansvarleg søkjar har mottatt samsvarserklæring frå alle utførande og kontrollerande føretak. Grunn- og betongarbeid er ikkje avslutta. Det står att ferdigstilling av støttemut i betong mot gbnr. 77/72. Denne vert ferdigstilt i løpet av september 2019. Skråninga er i mellomtida sikra med gjerde. Sjå vedlagt bildedok. i vedlegg Q-1. Elles er dei andre ansvarsområda avslutta og soleis ikkje til hinder for ferdigattest. Sjå vedlagt oppdatert gjennomføringsplan i vedlegg G-1.

Det vert søkt om mellombels bruksløyve då det står att ferdigstilling av vegen i feltet. Rekkjefølgjekrava er soleis ikkje oppfylt. Tiltakshavar ynskjer å avvente ferdigstilling av vegen med asfalt mm, grunna vidare utbygging i feltet. Ein ser det lite hensiktsmessig å legge asfalt på vegen for at dekket så vert øydelagt av framtidig anleggstrafikk ifm. utbygginga. Tiltakshavar ventar å ferdigstille bustadfeltet sommaren 2020, og det er difor sett dato for søknad om ferdigattest til 01.08.2020.

Tiltaket er plassert i tråd med godkjent situasjonsplan. Sjå innmålingsdata i vedlegg Q-2.

Ansvarleg røyrleggjar har sendt inn ferdigmelding for tilkopling til offentleg vatn og avlaup. Sjå innmåling av utvendig stengekrav og spillvasskum i vedlegg Q-3.

Leikeplass LP01 er opparbeidd med to leikeapparat samt bord og benk. Det vist vist til innsendt dokumentasjon i sak 18/378 som syner leikeplass og sikring av denne.

Ansvarleg søkjar har mottatt signert FDV-erklæring frå utbyggjar som bekreftar at tilstrekkeleg dokumentasjon som grunnlag for driftsfasen er overlevert byggverkets eigar.

---

Ta kontakt dersom det skulle vera behov for ytterlegare informasjon i høve saka.

Med venleg helsing/Best Regards

*Lena Lekve*

**Lena Lekve**  
**Jurist, Byggesak**

Direkte: +47 56390003 | Mobil: +47 95963006

Fax: +47 56191130

Epost: [lena@arkoconsult.no](mailto:lena@arkoconsult.no)



**arkoconsult**  
Arkoconsult AS